

Anton Olav Berge  
Hella indre.  
5936 Manger.

RADØY KOMMUNE		
JOURNAL NR	06/6362	Arkivnr. Dato: 10.12.06.
AVD		
SAKSBEH	11 DES 2006	KOPI TIL
RMJ		
ARK KODE		ARK KODE
B		S
PRESEDENS		KASSASJON

Til Radøy kommune,  
v/Robert Mjøs,  
5936 Manger.

OM NAMN PÅ GARDSVEI.

Etter oppdrag frå Robert Mjøs den 06 12 06 med frist den 10.12.06, om nytt namn på gardsveien vår, har eg snakka med naboane om dette. dei fastbuande direkte, dei andre over telefon. 6-7 namn har vore drøfta, men det første som eg fekk frå Robert Mjøs, er det som etter nøye vurdering er det som har festa seg hjå dei eg har snakka med.

NAMNET PÅ VEIEN SKAL VERA: HELLAVARDEN.

Namnet HELLA fekk fekk garden for ca: 80 år sidan. Då vart det slutt på HELLE, og det vil me ikkje ha attende. VARDEN KJEM FRÅ VARHØYEN/VARHAUGEN som tyder på at det har vore VARDE der i gamal tid.

Når HELLA no er med i namnet på veien, slepp me ha det på "slep" etterpå.

Dei eg har snakk med er:

Borgny Berge  
Øystein Berge  
Tore Morland  
Kirsti Morland  
Olga Grindheim  
Sølvi Sivertsen  
Randi Bjørlo  
Bjarne Hella.

Alle me vonar at HELLAVARDEN vert vedteke i Kommunestyret som namnet på veien vår. DET ER ME SOM SKAL BRUKA DET MEST.

Med helsing

*Anton Berge*  
Anton Berge.